



Arkivnr: 2014/13889-4  
Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		17.02.2016

## Budsjett for Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) for 2016

### Samandrag

Budsjett for bruk av fylkeskommunale trafikksikringsmidlar er tufta på sak PS 95/2015 *Årsbudsjett 2016/økonomiplan 2016-2019*. Til Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) er det for 2016 sett av 5,2 mill kroner. Av desse er 200.000 kr øymerka trafikktryggleik i vidaregåande skule, etter eige vedtak i fylkestinget i desember 2015.

I Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017 er det vist ei grovfordeling av midlane.

Ut frå handlingsplanen og årsbudsjett for 2016 kan ein seie følgjande: Til tilskotsordninga mindre fysiske trafikksikringstiltak vert det sett av 2,03 mill kr. Til tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement er det i handlingsplanen sett av 800.000 kr årleg, og til tilskotsordninga til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar er det sett at 500.000 kr årleg i handlingsplanen. Vidare vart det i budsjetthandsaminga i fylkestinget i desember sett av 200.000 kr til trafikktryggleik i vidaregåande skule. Desse midlane skal FTU disponere over sitt budsjett. Dette inneber at det er ein rest på 1,7 mill kroner til andre type trafikantretta trafikksikringstiltak etter handlingsplanen som FTU har ansvaret for.

### Forslag til vedtak

1. Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) tek forslag om bruk av midlane i 2016 til orientering.
2. Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) ber fylkesrådmannen gjere ei vurdering av kor mykje prosjektet trafikksikker kommune vil krevje av auka ressursar dei kommande åra.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 07.01.2016****Bakgrunn**

Budsjett for bruk av fylkeskommunale trafikksikringsmidlar er tufta på sak PS 95/2015 *Årsbudsjett 2016/økonomiplan 2016-2019*. Til Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) er det for 2016 sett av 5,2 mill kroner. Av desse er 200.000 kr øyremerka trafiktryggleik i vidaregåande skule, etter eige vedtak i fylkestinget i desember 2015.

I Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017 er det vist ei grovfordeling av midlane.

Ut frå handlingsplanen og årsbudsjett for 2016 kan ein seie følgjande: Til tilskotsordninga mindre fysiske trafikksikringstiltak vert det sett av 2,03 mill kr. Til tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement er det i handlingsplanen sett av 800.000 kr årleg, og til tilskotsordninga til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar er det sett at 500.000 kr årleg i handlingsplanen. Vidare vart det i budsjetthandsaminga i fylkestinget i desember sett av 200.000 kr til trafiktryggleik i vidaregåande skule. Desse midlane skal FTU disponere over sitt budsjett. Dette inneber at det er ein rest på 1,7 mill kroner til andre type trafikantretta trafikksikringstiltak etter handlingsplanen som FTU har ansvaret for.

Under følgjer ei fordeling av midlane:

	<b>Tiltak</b>	<b>Fordeling 2016, kr</b>
1	Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement	800 000
2	Tilskot til kommunale trafikksikringsplanar	500 000
3	Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak	2 037 000
4	Kurs og konferansar for kommunane	70 000
5	Trafikksikringsprisen	25 000
6	Trafikksikre kommunar	300 000
7	Opplæring i trafiktryggleik i vgs	200 000
8	Driftstilskot til Trafikksikkerhetshallen	100 000
9	Refleksprodukt, innkjøp	200 000
10	Alle barn sykler	62 500
11	Kampanjearbeid (haldningsskapande trafikksikringsarbeid)	230 000
12	Aktivitetsmidlar Trygg Trafikk Hordaland	570 000
13	Diverse, andre utgifter	105 500
	<b>Totalt</b>	<b>5 200 000</b>

*Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement*

Det er fastsett i handlingsplanen at det årleg vert sett av 800.000 kr til denne tilskotsordninga. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ. Marknadsføring av tilskotsordninga vert også teke av denne posten.

*Tilskot til kommunale trafikksikringsplanar*

Det er fastsett i handlingsplanen at det årleg vert sett av 500.000 kr til denne tilskotsordninga.

*Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak*

Tiltaket var nytt i 2014, og det har vore gode erfaringar med tilskotsordninga. Det var mange gode søknader i år, og det er difor sett av 2,037 mill kr i 2016.

*Kurs og konferansar for kommunane*

I handlingsplanen ligg det fast at FTU skal arrangera ein årleg trafikksikringskonferanse for kommunane i Hordaland. Konferansen finn stad hausten 2016. På den årlege trafikksikringskonferansen vert aktuelle tema teke opp, men det er likevel grunnlag for å gå nærare inn på einskilde tema og ofte stilte spørsmål om ulike trafikksikringstiltak. Fylkeskommunen v/ FTU kan slik ta på seg ei koordinerande rolle gjennom å arrangere slike samlingar av fagpersonar frå ulike etatar. Dette vart gjort med god erfaring i 2015 då FTU

arrangerte ein fagdag om gangfelt for kommunetilsette og konsulentar. Aktuelle tema på slike fagdagar er til dømes trafikksikker kommune prosjektet, § 34 i vegtrafikkloven, sykkel osv. Det er sett av 70.000 kr i 2016

#### *Trafikksikringspris*

Trafikksikringsprisen vart delt ut for fyrste gong i 2014. I handlingsplanen er det sett av 25.000 kr årleg, og prisen vil verte delt ut på den årlege trafikksikringskonferansen for kommunane.

#### *Trafikksikre kommunar*

Dette er eit nytt prosjekt i denne planperioden, og arbeidet er difor inne i fyrste fase. Hausten 2014 vart det etablert eit pilotprosjekt for trafikksikre kommunar med FTU som prosjekteigar. Vaksdal kommune er godkjent og det er om at to andre pilotkommunane vert godkjent i løpet av året. Samstundes kjem nye kommunar kjem inn i arbeidet frå vinteren 2016. Ved signering av intensjonsavtalen vert det utbetalt 25.000 kr, og ved godkjenning vert dei resterande 75.000 kr utbetalt. Det er sett av 300.000 kr til tiltaket.

Det er venta at arbeidet med trafikksikker kommune vil krevje auka ressursar dei kommande åra. Dette gjeld både å følge opp kommunar som er blitt godkjent, og kommunar som er i prosess. Arbeidet med trafikksikker fylkeskommune vil også krevje ressursar.

#### *Opplæring i trafikktryggleik i vidaregåande skule*

Med tanke på at ungdommar er særst utsette som bilførarar og bilpassasjerar er det ønskjeleg å ha eit eige fokus på trafikktryggleik i vidaregåande skule. Dette kan gjerast gjennom allereie etablerte arena slik som kurs i Trafikksikkerhetshallen i Hordaland. Det er ønskjeleg at elevar i den vidaregåande skulen og kan få tilbod om slike trafikksikringskurs. Dette må koordinerast med Opplæringsavdelinga. Det er sett av 200.000 kr.

#### *Driftstilskot til TS-hallen*

I denne planperioden er det sett av 100.000 kr kvart år til driftstilskot til Trafikksikkerhetshallen i Hordaland.

#### *Refleksprodukt, innkjøp*

Årleg kjøper FTU inn refleksar gjennom ein eigen rammeavtale. Trygg Trafikk og Politiet er med på å dele ut desse refleksane, saman med fylkeskommunen. Det er sett av 200.000 kr i 2016 til innkjøpet.

#### *Alle barn sykler*

Eit samarbeidsprosjekt i regi av Bergen 2017 mellom ulike etatar, sykkelklubbar og skular om sykkelopplæring for elevar. I handlingsplanen vart det sett av 62.500 kr årleg til *Fylkesfinalen i sykling*, og desse midlane kan med det nyttast inn i dette arbeidet.

#### *Kampanjearbeid (haldningsskapande trafikksikringsarbeid)*

Det haldningsskapande trafikksikringsarbeidet er ein del av FTU sitt arbeid. Det er sett av 230.000 kr til kampanjearbeidet.

#### *Aktivitetsmidlar, Trygg Trafikk Hordaland*

Aktivitetane til Trygg Trafikk sin distriktsleiar skal dekkast over FTU sitt budsjett. Trygg Trafikk søker kvart år om midlar til dette gjennom FTU. I søknaden går det fram kva for type aktivitetar som skal gjennomførast det gjeldane året, aktivitetsplan. Distriktsleiaren har ansvar for å rapportere til FTU undervegs. Trygg Trafikk sitt arbeid er i særleg grad retta mot arbeidet med trafikksikker kommune, og å auke trafikksikringskompetansen i barnehage og skule. Det er sett av 570.000 kr i 2016.

#### *Diverse*

Midlane går til annonsering, diverse driftsutgifter og medlemskontingent i Trygg Trafikk. Denne posten kan også nyttast til aktuelle trafikksikringstiltak/-prosjekt FTU ønskjer å støtte, men som det ikkje er sett av midlar til i budsjettet. Det er sett av 105.500 kr.

#### **Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Fordelinga av midlane er basert på tiltaka i handlingsplanen for trafikksikring.

Prosjektet Trafikksikker kommune er eit av dei viktigaste tiltaka retta mot kommunane denne planperioden. Dette arbeidet krev ressursar både frå Trygg Trafikk og fylkeskommunen, for at kommunane skal kunne følgjast godt opp i alle delane av prosessen. Også etter at dei er godkjent. Arbeidet med trafikksikker

fylkeskommune vil også krevje ressursar. Fylkesrådmannen vil vurdere å komme attende til FTU med ei sak om auka ressursbruk knytt til prosjektet trafikksikker kommune.

Fylkesrådmannen ber om at forslaget om fordeling av midlane vert teke til orientering.